

## Referat frå informasjonsmøte på Fedje 27.11 2023:

### Orientering frå Statsforvaltaren

Ordførar Stian Herøy ønskte velkommen til møtet og statsforvaltaren ved Steinsvåg orienterte om verneoppdraget. Situasjonen for naturmangfald globalt og lokalt i Vestland er dramatisk. FN sitt naturpanel (IPBES) av ekspertar skildrar ein situasjon der ein million av åtte millionar artar er trua, og mange av desse vil bli utrydda i løpet av dei næraste tiåra. Om lag 75% av landareala som leveområde for dyr og planter er sterkt endra av menneske og 85% av alle våtmarkene er allereie tapt. I Norge er 2 752 artar klassifisert som trua, og 599 av desse har Vestland som levestad. Om lag 90% av alle dei trua artar i Norge er trua av arealendringar, og det er særleg nedbygging av natur og opphøyr av tradisjonelle landbruksformer som er årsaka til dette.

Å verna natur etter naturmangfaldlova kap II er det viktigaste verkemiddelet til å ta vare på leveområda. Men til no har ein mest verna isbrear, fjell og høgareliggande område i Norge. Faglege evalueringar har vist at vernet til no ikkje er representativ. Det må vernast meir areal i låglandet og særleg langs kysten.

Derfor fekk Statsforvaltaren i oppdrag 30. oktober 2018 om å identifisera verneverdig natur som kunne egna seg for supplerande naturvern. Totalt 99 område vart spilt inn frå Vestland, og totalt 33 av desse var tilrådd for vidare arbeid frå Miljødirektoratet. Eit av desse er det aktuelle kandidatområdet på drygt 1800 dekar på Fedje, som ei utviding av dei eksisterande Fedjemyrane landskapsvernområde og Sekkedalstjørna naturreservat.

Roald frå Statsforvaltaren orienterte om naturkvalitetane på Fedje som gjer at det er ønskjeleg med eit utvida vern. Kandidatområdet har mange svært viktige naturkvalitetar som samla sett gjer at det har stor verneverdi. Det er store inngrepsfrie areal med kystlynghei og myr. Terrengdekkande myr er klassifisert som ein sårbar naturtype (EN) og Kystlynghei er klassifisert som sterkt trua naturtype. Det er også registeret ei rekkje trua artar i området, særleg gjeld dette fugleartar. Området er i tillegg klassifisert som eit svært viktig friluftsområde.

Statsforvaltaren gjekk nærmare inn på kystlynghei som naturtype, korleis den er blitt utforma, kvifor dette er viktig natur og trua natur, og faktisk òg ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52.

Kystlynghei er ein naturtype som treng aktiv skjøtsel med brenning og beiting. Det er i dag ulike økonomiske støtteordningar til dei som ønskjer å ta vare på kystlyngheiene og skjøtta dei på ein tradisjonell måte. Med vernestatus vil det vere lettare å få økonomisk støtte og fagleg rettleiing til å drive utmarka med beiting og brenning.

Med vern vil forvaltinga få fleire moglegheiter til å halde fram med å stimulere til utmarksbeite med sau og brenning av lynghei. Uttak av framande treslag som sitkagran kan også vere aktuelt. Økonomisk støtte kan også omfatte gjerdehald eller andre tema som i praksis er nødvendige for å skjøtta landskapet. Somme stader på dei merka turstiane har det over tid utvikla seg trakkskader og vegetasjonsslitasje. Særleg fuktige parti er sårbare. Eit vil vern vil gjer det lettare for forvaltinga å gjennomføre tiltak som kanallisering av ferdslø, etablering av klopper og andre tiltak for å redusera trakkslitasje.

Grunneigarar har ved eit vern rett på erstatning dersom pårekeleg bruk vert forbode etter [naturmangfaldlova § 50](#). Dette vert handtert etter vernevedtak i regi av Miljødirektoratet.

Det er berre ein bygning innafor det foreslåtte verneområdet. Denne vil kunna brukast som vanleg og vølast ved behov.

Vi ønskjer innspel på kandidatområdet så tidleg som råd sjølv om vi ikkje har starta med formell verneprosess endå. Vi har prøvd å samle innspel som gjekk på det same temaet i eit innspel.

#### Innspel, spørsmål og svar

Etter presentasjonane vart det opna for spørsmål og innspel frå dei frammøte.

***Innspel frå salen:*** *Er det aktuelt å verne område aust for vegen?*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Vi har ikkje same oversikten over naturverdiane i dette området, men her er truleg viktige naturkvalitetar også her, med både myr og kystlynghei. Grunnen til at det berre er det aktuelle arealet som er foreslått er at dette, saman med det eksisterande landskapsvernområdet er eit samanhengande stort område, utan særleg med inngrep. Størrelsen og samanhengen gjer at dette er dei viktigaste områda. Vegen splittar områda aust for vegen frå områda vest for vegen.

***Innspel frå salen:*** *Om staten sett så stor pris på dette området så burde dei kunne gje ei skikkeleg erstatning til grunneigarar eller til kommunen for tap av moglegheiter eit slikt vern vil innebere.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette er vi einige i. Grunneigarar har ved eit vern rett på erstatning dersom pårekneleg bruk vert forbode etter [naturmangfaldlova § 50](#). Dette vert handtert etter vernevedtak i regi av Miljødirektoratet. I dette området vil det truleg ikkje betalast ut særleg store erstatningssummar med dagens erstatningspraksis, sidan ein i utgangspunktet ikkje kan pårekne bruk av areala som skal erstattast.

***Innspel frå salen:*** *Store deler av området er definert som LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, men eit lite område er vist som Industriområde. Dette gjeld eit lite myrområde sør i området. Om dette går ut på grunn av vernet, bør industriområdet kunne etablerast ein annan stad i kommunen. Generelt burde statsforvaltaren sjå dette vernet og arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel i samanheng, slik at det var større velvilje for bruk av andre delar av kommunen (særleg i nord) om det er slik at desse områda blir bandlagt til vern.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette er gode poeng, og det er ikkje slik at det er vanntette skott mellom miljøavdelinga og Kommunalavdelinga hjå Statsforvaltaren. Her må vi kunne få til ein dialog, slik at arbeidet med dei to prosessane kan ses i samanheng.

***Innspel frå salen:*** *Området er alt for stort. Fedje er ei lita øy, og med dette forslaget vil meir enn 30 % av arealet bli verna og det er alt for mykje. Fedje treng areal til å utvikle seg i. Det vart og peika på at særleg areal langs etablert infrastruktur, som veg, burde vurderast i denne samanhengen. Deler av desse areala burde kunne nyttast til ulike formål.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Vi vil veldig gjerne ha innspel frå dykk på kva de ikkje er nøgde med når det gjeld dette forslaget, og vi oppfordrar til at de kjem med konkrete innspel, kva areal er det de meiner at bør gå ut av det foreslåtte verneområdet og kvifor. Då kan vi sjå dei konkrete behovet opp mot verneverdiane i det aktuelle området.

Vi vil vurdere areala langs med vegen opp mot dei verneverdiane som finst her i lys av det som er spilt inn her.

**Innspel frå salen:** *Leiaren i næringsrådet tok initiativet til at innbyggjarar og næringsliv gjekk saman om å sende eit felles innspel. Eit slikt innspel vil truleg stå sterkare enn mange private spreidde innspel.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette kan vere ein god ide, det er opp til innbyggjarar og næringslivet om dei vil koordinere sine uttaler.

**Innspel frå salen:** *Om det blir betre hevd i kystlyngheiene i området er dette også heldig for brannberedskapen i området*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette er eit viktig tema og dette er noko som det har blitt auka fokus på dei seinare åra. Særleg etter at det har vore store lyngheibrannar både på Sveio og i Øygarden. Gammal tilgrodd lynghei med høgvaksten lyng og einer brenn svært godt og jamleg brenning av lyngheiene er dermed faktisk brannførebyggande.

**Innspel frå salen:** *Holmar og skjer i nord godt fiske men no er der mykje steinkobbe der. Er det mogleg å få fellingsløyve til en del av desse?*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette er fiskeridirektoratet sitt ansvarsområde og vil ikke vere ein del av forvaltinga av verneområdet.

**Innspel frå salen:** *Det er ønskjeleg å kunne jakte i området, i dag blir det jakta både på grågås og hjort i området.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Det er ulikt i ulike verneområde om det er opning for å jakte der. Når det er forbod mot jakt og bruk av skytevåpen i dagens landskapsvernområdet er dette tatt inn i verneforskrifta av omsyn til fuglelivet, som vi ønskjer at skal få mest mogleg fred. Dette med jakt vil vere eit viktig tema å vurdere når vi utformar verneforskrift for eit eventuelt utvida område.

**Innspel frå salen:** *Ein del av diskusjonen gjekk på dette med tilrettelegging for friluftsliv. I kva grad vil det vere opning for dette i eit eventuelt utvida område? Særleg var det nemnt at det kunne vere ønskjeleg med ei oppgradering av tilkomsten fram til dagsturhytta som er etabler sør i området.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Dette vil også vere eit tema som det vil vere naturleg å vurdere nærare undervegs i prosessen. Det å kanalisera ferdsløse er eit godt grep for å redusera terrengslitasje, men i utgangspunktet så er det ikkje ønskjeleg med for store inngrep i eit verneområde. Det blir dermed eit spørsmål om i kva grad ein ønskjer å tilrettelegge. Vi har opna for ein turveg med høg standard gjennom dagens landskapsvernområde og tenker at det neppe er naturleg med den same graden av tilrettelegging langs Nordsjøløypa som går nord-sør vest i området. Vi er også usikre på om dette er det publikum ønskjer? Det er særleg viktig at vatn får renne naturleg i området, så det å bruke grus vil neppe vere optimalt i fuktige område, medan klopping og gangbane i våte parti, slik at vatnet kan renne under og såleis ikkje hindre endra den naturlege vassdynamikken i området, er aktuelt. Som ein del av vidare arbeid ønskjer vi å få betre oversikt over kva stiar som finst i dag og kva status/tilstand desse har. Om området får status som verneområde vil det vere naturleg å bruke midlar på forsiktig oppgradering av enkeltpunkt langs med turvegen. For eksempel kloppar på våte parti, og enkle trinn der det er bratt.

**Innspel frå salen:** *Plantefeltet langs dagens turveg inn i området blei også diskutert. Nokre har gitt uttrykk for at dette er framande artar som bør fjernast, medan andre meiner at desse trea gjev skydd mot vinden, og høve for ein kort tur i le for dei som ønskjer det.*

**Svar frå Statsforvaltaren:** Plantefelt av framande treslag like utanfor verneområda ønskjer vi også å gjere tiltak mot, nettopp fordi dei ofte utgjer ei stor spreingskjelde av nye treplantar inn i verneområda. Men dersom grunneigar og lokalbefolkning ikkje ønskjer å fjerne desse felta, opnar vi for dialog om korleis vi kan handtere dette på anna vis.

referent  
Steinsvåg/Roald